

Referat av styremøte for Sunnmør Skyttarsamlag



Dato: 06.04.2022

Stad: Aalesund sitt skyttarhus i Olsvika

Møtestart: Klokken 18.00

Desse møtte: Thor Einar Aurdal, Ronny Vedå, Tom Olav Moldskred, Ola Vangen og Erlend Overaa.

Sak 6/2022 - Skyttarting 2022

Styret gjekk gjennom årets tingdokument til skyttartinget 23.-24.april. Styret er stort sett einig i dei innstillingane Noregs Skyttarstyre har gjort til tinget.

Der er ikkje kome noko innspel frå skyttarlag, så tingrepresentanten frå samlaget stemme etter kva styret blei einige om.

- LS arrangør 2026 – Kongsberg
- LS arrangør 2027 – Lesja
- Tillegg for sak 16 om at prøveordninga også bør gjelde for LDKS

Sak 7/2022 - Orienteringssaker: HV's sommartreff, Midt-Norsk meisterskap

Leiar orienterte styret om status i sakene.

Sak 8/2022 - Møtet mellom ungdomsgruppene i skyttarlaga og ungdomsutvalet

Leiar orienterte styret om korleis møtet gjekk og kva som kom fram.

Sak 9/2022 - Valnemda

Leiar oppmodar styremedlemmane og andre i samlaget om å vere på utskikk etter ein person til som kan gå inn i valnemda. Det blei berre valt ein person på førre ombodsmøte, og der skal vere to. Denne personen sitt i vervet i år og står på val ved årets ombodsmøte.

Sak 10/2022 - Forbod metallskiver frå 2025

Leiar orienterte styret om saka. Styret er einige i at ein allereie nå må starte planlegging om å etablere nokre faste stang og felthurtig anlegg på elektronikk i samlaget.

Leiar og feltkontakt jobbar med saken utover året og vil gjere eit forsøk på å ha nok innhald til å leggje fram ei sak på årets ombodsmøte.

Sak 11/2022 - Skyting om Den norske Skyttarmedalje 2022

Årets skyting om Den norske Skyttarmedalje vil gjennomførast på følgjande skytebaner:

- Engesetdal/Skodje - 31.mai
- Sykkylven – 31.mai

Leiar legg skytingane inn i arrangementskalenderen, samt sende ut info om dette til skyttarlaga i samlaget.

Sak 12/2022 - Korrespondanseskyting

Det gjerast eit forsøk på å gjennomføre korrespondanseskyting i samlaget. Dette er i tråd med langtidsplanen om fokus på lagsmiljø. Skytingane gjennomførast etter tidlegare statutt og i periodane:

- Runde 1 – Veke 20 – 21 (16.mai – 29.mai)
- Runde 2 – Veke 23 – 24 (6.juni – 19.juni)
- Runde 3 – Veke 26 – 27 (27.juni – 10.juli)

Leiar sende ut info til skyttarlaga og på fb om skytinga.

Møtet slutt 20:45

referent Ola Vangen